



Jnr.1423.12

gjg

Styret i Helse Fonna

Endring Klinikk for psykisk helsevern – styresak 99/12B

Samarbeidsrådet for Sunnhordland syner til saksutgreiinga i ovanemde sak, der det vert synt til godkjente "Plan for psykisk helsevern", som vart vedteken av styret i Helse Fonna HF 01.11.12. I planen vert det peika på at ei samling av fagmiljø innan psykose og rusbehandling vil sikra meir robuste fagmiljø gjennom betre rekruttering og moglegheit for fagleg utvikling.

I saksutgreiinga vert det lagt opp til å samla psykosebehandlinga på Valen sjukehus og leggja ned tilbodet i Haugesund. Rustilbodet vert samla på Haugesund sjukehus. Ein konsekvens av dette er at døgntilbodet ved Valen sjukehus, Post A vert avvikla.

Konsekvensane av denne organiseringa kjem fram i tabellen som syner nedtak av årsverk i dei einskilde seksjonane. Her kjem det tydeleg fram at Valen sjukehus vil få ei nedbemannning på heile 26,8 årsverk, og at det vert mindre justeringar i dei andre seksjonane.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er svært bekymra over dette framlegget. Slik det kan sjå ut, vil dette få store konsekvensar for Valen sjukehus både i form av kompetansen som vert bygd ned og for framtidig rekruttering til sjukehuset. Men ikkje minst vert dette eit tap for dei som nyttar seg av behandlinga ved sjukehuset.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ber med dette styret i Helse Fonna om å ta seg tid til å få gjera ei grundig vurdering på konsekvensane før dette framlegget vert ein realitet.

Sunnhordland, 19.12.12.

Med venleg helsing

Liv Kari Eskeland
styreleiar

Gro J. Gjerde
Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar